

# Helse- og sosialfag

Helse- og sosialfag



Gjennom mange år har behovet for medarbeidarar innanfor omsorgsyrrka auka jamnt i Norge. Søkjer du helse- og sosialfag, kan du velje mellom mange yrke med stort behov for medarbeidarar.

Opplæringa i felles programfag skal medverke til å dekkje kompetansebehovet i samfunnet innanfor oppvekst-, helse- og sosialtenestene. For å fremje helse både for den enkelte og for samfunnet som heilskap skal helse- og

sosialfaga gi kunnskap om helsefremjande arbeid, livsstilsjukdommar og arbeidsmiljø. Eit fleirkulturelt samfunn krev kunnskap om og respekt for eit mangfald av kulturar og tradisjonar. Eit viktig føremål med opplæringa skal vere å medverke til fleirkulturell forståing på oppvekst-, helse- og sosialfeltet.

Helse- og sosialfaga skal gjere elevane skikka til å yte god service og ta medansvar for arbeidsmiljøet. Opplæringa i felles programfag skal utvikle kunnskapane og ferdigheitene til elevane innanfor kommunikasjon og samhandling, og gi eit grunnlag for arbeid med menneske i alle livssituasjonar. Eit føremål med felles programfag er òg å medverke til yrkesforståing og yrkesstoltheit, gjennom bevisstgjerig av eigne haldningar og ferdigheiter. Denne kompetansen vil kunne bli overført til andre livssituasjonar, og vil vere eit godt grunnlag for livslang læring.

## Struktur i felles programfag

Felles programfag er strukturert i tre programfag, helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving. Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samheng.

Heilskapen i dei felles programfaga skal gi elevane ei plattform for vidare yrkesval og leggje til rette for utvikling av fagleg forståing gjennom kunnskap, refleksjon, etisk bevisstgjerig, respekt og toleranse. Opplæringa skal vere praksisnær og tverrfagleg og knyte teori og praksis saman.

## Omtale av felles programfag

### Helsefremjande arbeid

Helsefremjande arbeid som programfag handlar om samanhengen mellom livsstil og fysisk og psykisk helse. I dette inngår verdien av kosthald og fysisk aktivitet, førebygging av livsstilssjukdommar og hindring av smitte. Programfaget handlar vidare om korleis kroppen er bygd opp og fungerer. Førstehjelp og ergonomi høyrer med i programfaget.

## Kommunikasjon og samhandling

Programfaget kommunikasjon og samhandling handlar om møtet mellom menneske, uavhengig av alder, språk, kultur, religion, livsførsel eller funksjonsnivå. Programfaget omfattar bevisstgjerung av eigen veremåte og eiga åtferd overfor brukarar. Det handlar òg om dei krava samfunnet set til at yrkesutøvarane innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren viser sosial kompetanse og ansvar, yter service og legg vekt på brukarmedverknad.

## Yrkesutøving

Programfaget yrkesutøving handlar om korleis oppvekst-, helse- og sosialtenestene er bygde opp, eigenarten til dei ulike yrka, krava som må setjast til god yrkesutøving, og verdien av tverrfagleg samarbeid. Helse- og sosialtenester og oppvekstmiljø i eit fleirkulturelt perspektiv inngår i programfaget. Programfaget omfattar òg sentrale lover og allmenne spelereglar som gjeld i arbeidslivet.

## Timetal i felles programfag

Timetalet er oppgitt i einingar på 60 minutt.

## Vg1

Helsefremjande arbeid: 197 årstimar

Kommunikasjon og samhandling: 140 årstimar

Yrkesutøving: 140 årstimar

På Stranda vidaregåande skule vil opplæringa i yrkesutøving gå føre seg på institusjonar i nærmiljøet, medan det i dei andre faga vil bli undervist på skulen.